



Terje J. Ledahl a.s

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/43 - 15/5559

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
18.03.2015

Mangel- Søknad om dispensasjon- Bruksendring frå to bueiningar til fire bueiningar på gbnr 8/5 Vollo

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om dispensasjon frå to til fire bueingar på gbnr 8/5 på Vollo. Før administrasjonen kan handsame dispensasjonssøknaden etter pbl. må søknaden innehalde dei opplysningane som er naudsynt for at administrasjonen skal kunne godkjenne dispensasjonen. Kva opplysningar og dokumentasjon som krevst følgjer av Pbl. § 19-1 («søknad om dispensasjon»).

- Tiltaket er ikkje nabovarsla. Det følgjer av Pbl § 21-3 at naboar og gjenboerer skal varsles før søknaden blir innsendt, med mindre dei har skriftleg meddelt at dei ikkje har merknader til søknaden. Når tiltaket er avhengig av dispensasjon, skal dette varslast særskilt. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er vedlagt dokumentasjon på at naboar ikkje har merknader til søknaden, og ber ansvarleg søkjar om å nabovarsle i samsvar med vedlagt naboliste.

I nabovarselet skal det klart gå fram kva som blir omsøkt, og ber ansvarleg søkjar om å leggje ved teikningar som skisserer tiltaket. (Det treng ikkje utarbeidast heilt fullstendige teikningar, då det i første omgang må avgjerast om det kan gjevast dispensasjon. Men det skal i varslet ikkje vera tvil om kva dei blir nabovarsla om på naboeigedommen).

- Kommunen krev ikkje fullstendige teikningar av tiltaket, då dispensasjonen skal avgjerast i første omgang. Men ber om at det blir sendt inn teikningar som skisserer korleis tiltaket er tenkt løyst, i forhold til det som det blir søkt dispensasjon frå, samt eit oppdatert situasjonkart som viser parkering.

Dykkar søknad om dispensasjon vert på denne bakgrunn vurdert som mangelfull og vert difor lagt i ventarkiv i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil saka verte teke fram til ordinær handsaming. Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Gebyr for kommunen si handsaming av føreliggjande søknad vert ettersendt, jf. Pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningstjeneste (Gebyrregulativ 2015) pkt. 9.1.8 («Mangelfull sak m/ meldig til søkjer»). Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det blir krevd

gebyr- eller over storleiken på gebyret- jf. Forvaltningsloven §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Eventuell klage skal vera grunngitt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Terje J. Ledahl a.s
Vestbygd Eiendom AS

Røysetvegen 100 5918

FREKHAUG